

Forskrift om vern av Vestreim naturreservat, Sogndal i Vestland

Versjon: 20. september 2021

§ 1. Føremål

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eldre og naturprega furuskog og boreal lauvskog representativ for indre delar av Sognefjorden. Det er også fleire ospeholt med mange grove tre, og innslag av gråor og hegg i fuktige sig. Fattige vegetasjonsstypar dominerer og vekslar mellom bærlyngskog og blåbærskog.

Det er eit føremål å ta vare på verneverdiane i best mogleg tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.

§ 2. Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar ein del av gnr./bnr.: 94/1 i Sogndal kommune.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. [xxxxx](#) dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet, den [xxxx](#). Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekpunkt skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast hos Sogndal kommune, Statsforvaltaren i Vestland, Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet.

§ 3. Verneregler

I naturreservatet må ingen gjøre noko som skadar verneverdiane som er nemnde i verneføremålet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna døde buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp (inkludert lav), eller delar av desse frå naturreservatet. Planting og såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelte innretningar, parkering av campingvogner, brakker eller liknande, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledning, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, lagring av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4. Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær, nøtter og matsopp.
- b) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lowverk.
- c) Skånsam beiting.
- d) Vedlikehald av bygningar, gapahuk, traktorvegar, gjerde og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.

- e) Drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i eller inntil verneområdet.
- f) Oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skader verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.
- g) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- h) Forsiktig rydding av småbuskar og kvist under 5 cm diameter i etablerte siktelinjer i samband med storviltjakt i furuskog.
- i) Brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller med ved utanfrå naturreservatet, i samsvar med gjeldande lovverk.
- j) Utsetjing av saltsteinar i samband med beiting som omtalt i § 4 c.
- k) Forsiktig rydding av eksisterande tursti merka på vernekartet.

§ 5. Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsle er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande traktorvegar og stiar, avmerka på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode.

§ 6. Generelle unntak frå reglane om ferdsel

Ferdlereglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemد og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemد, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er avgjort av forvaltingsmynde. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemد.

Ferdlereglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- b) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- c) Naudsynt motorferdsle i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Ein skal gi melding til oppsyn for verneområdet før køyringa skjer.
- d) Naudsynt motorferdsle i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi - og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsmynde.
- e) Naudsynt motorferdsle på eksisterande skogsbilveg merka på vernekartet.

§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) Merking og naudsynt rydding av eksisterande stiar.
- c) Istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel kring kulturminne.
- d) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- e) Oppsetting av gjerde i samband med § 4 c.
- f) Kontrollert hogst av tre som er til ulempe for bygningar, anlegg og beite på støl.
- g) Uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnd i § 6 andre ledd a.
- h) Naudsynt motorferdsle i samband med aktivitetar nemnt i § 4 c og e, og § 7 c, d, og e.

- i) Bruk av naturreservatet til miljøbasert reiselivsverksemd.
- j) Oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje faller inn under § 4.
- k) Nødvendig motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftlinje.
- l) Forsiktig rydding av nye siktelinjer i samband med storviltjakt.

§ 8. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9. Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta avgjer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10. Forvaltingsplan

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. Forvaltingsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskrifta.

§ 12. Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Statsforvaltaren i Vestland